

Interpellasjon frå Krf til Kommunestyret 20.04.2023

Kvalitetssikring av marknadsførings- og opplysningsmatriell i kommunen

Samnanger er som kjent ein nynorskkommune, og skal ha ros for å ha ein god Språkplan.

Denne kan vera til god hjelp for dei som kjenner seg utrygge på å bruka nynorsk.

Når kommunen marknadsfører seg, bør det vera på korrekt og godt språk. Det gjeld til dømes matriell som opplyser om tenestetilbodet i kommunen, eller opplysning som vert gjeve til publikum gjennom kommunale skilt.

På parkeringsplassen ved kommunehuset står det skilt med teksten: "Besøkende til kommunehuset" og "Kun på oppmerket plass". På Bjørkheim marknadsfører Samnanger seg på 3 språk: bokmål, tysk og engelsk. Der er altså parkeringa FORBUDET.

Fleire døme kunne sikkert vore nemnde. Krf ber kommunen ved rådmannen å sjå nærare på korleis ein kan kvalitetssikra at språkplanen vert etterlevd, og at kommunen kan marknadsføra seg betre på det som er språket i kommunen, nemleg nynorsk.

12.04.2023

Samnanger Krf

v/Gunn Totland Moss